

Orientering til deg som søker om parkeringskort

Vi ber deg om å lese orienteringa, før utfylling av søknaden

Du kan få parkeringskort som bilfører **eller** som passasjer.

Parkeringskortet er gyldig i 2-5 år.

Når parkeringskortet ditt har gått ut på dato, må du søkje på nytt.

Parkeringskort for bilfører:

To vilkår må vere oppfylt for å få parkeringskort som bilfører:

1. Du kan ikkje gå, eller har store vanskar med å bevege deg over ei viss lengde. Ei legeerklæring skal dokumentere dette. Erklæringa dannar det medisinske grunnlaget for vurderinga.
2. Du må ha **eit særleg behov** for å kunne parkere nær bustad, arbeid og/eller anna aktivitet. I søknaden din må du få fram opplysningar som tilseier at du har **eit særleg behov** for parkeringslette. Det vil seie at **du må beskrive** kvifor du ikkje kan nytte parkeringsplassane på stadene du ofte besøker.

Parkeringskort for passasjer:

Tre vilkår må vere oppfylt for å få parkeringskort som passasjer:

1. Du kan ikkje gå, eller har store vanskar med å bevege deg over ei viss lengde. Ei legeerklæring skal dokumentere dette. Erklæringa dannar det medisinske grunnlaget for vurderinga.
2. Du må ha **eit særleg behov** for å kunne parkere nær bustad, arbeid og/eller anna aktivitet. I søknaden din må du få fram opplysningar som tilseier at du har **eit særleg behov** for parkeringslette. Det vil seie at **du må beskrive** kvifor du ikkje kan nytte parkeringsplassane på stadene du ofte besøker.
3. Du må ha behov for tilsyn/regelmessig hjelp av bilfører utanfor bilen.

Din søknad:

I søknaden må **du** få fram opplysningar som tilseier at du har eit **særleg behov** for parkeringslette. Det vil seie at **du må beskrive** kvifor du ikkje kan nytte parkeringsplassane på stadene du ofte besøker. I søknadsskjemaet er det tatt med ulike forhold vi ønskjer svar på. Det anbefalast at du fyller det ut nøye, slik at vi får eit godt bilde av ditt behov. Bruk gjerne baksida av arket, dersom det ikkje er nok plass i skjemaet.

Saman med søknaden må du levere:

- **Legeerklæring:** Legeerklæringa skal vere godt utfylt med opplysningar om din medisinske situasjon, diagnose, om du nyttar hjelpemiddel, samt kor mange meter du eventuelt kan gå med og utan hjelpemiddel. Den skal dokumentere at du ikkje kan gå, eller har store vanskar med å bevege deg over ei viss lengde. Erklæringa dannar det medisinske grunnlaget for vurderinga.

Ved søknad som passasjer, må det gå fram av legeerklæringa at du har behov for tilsyn/regelmessig hjelp av bilfører utanfor køyretøyet.

- Bilete i passfoto storleik
- Kopi av gyldig førarkort (dersom du søker som bilfører)

Søknaden vert ikkje handsama før all dokumentasjon er motteken



Grunngjeving

Forklar problema du opplev ved forflytning, samt kvifor du ikkje kan nytte parkeringsplassane på stadene du har oppgjeve ovanfor:

**Samtykke**

Eg samtykker til at kommunen kan innhente ytterlegare opplysningar frå legen min angåande min søknad Ja Nei

Dokumentasjon**Følgjande dokumentasjon må leggest ved:**

- Legeerklæring (ikkje eldre enn 6 månadar)
- Bilete i passfoto storleik
- Kopi av gyldig førarkort (dersom du søker som bilfører)

Søknaden vert ikkje handsama før all dokumentasjon er motteken

Signatur av søker/verje/føresett

Stad:

Underskrift:

Dato:

Søknad med vedlegg sendast til:

Bremanger kommune
Postboks 104
6721 Svelgen